

Fra: Anton Langeland (anton.langeland@odda.kommune.no)

Sendt: 22.05.2018 11:19:56

Til: Even Vaular

Kopi:

Emne: Re: Revisjon av trafikksikringsplan - status?

Vedlegg: image001.png

Hei Even

Takk for mail.

Odda kommune har hatt stor utvikling i gjennomgangstrafikk og turisme inn til Odda. Dette gjev oss nye utfordringar og opogåver som må løysast.

Vi ynskjer no å gå igang med eit arbeid som ser heilhetlig på Odda sentrum og omliggande områder.

Slik situasjonen er i dag manglar vi gyldige skiltvedtak på ein del av skiltinga og handheving er derfor vanskeleg og fører mykje arbeid med seg. Politiet gjer derfor lite mht. trafikkhandheving og feilparkering.

Odda kommune har no fatta vedtak om å opprette parkeringsselskap for at selskapet skal verte i stand til å utføre sine oppgåver må skilt og trafikksituasjonen forberast.

Håpar dette svarte litt på spørsmåla.

Dei tidlegare tildelte midlane har vore nytta til kartleging av skilt med og uten vedtak, samt trafikkanalyse.

Vi vil basert på dette utarbeide nye skiltplanar saman med Vegvesenet

Den tir. 22. mai 2018, 10:48 skrev Even Vaular <Even.Vaular@hfk.no>:

Hei Anton!

Me har fått inn søknad frå dykk om tilskot til utarbeiding av ein skiltplan for Odda sentrum. Søknaden gjeld tilskotsordninga for utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar. Saka vert handsama i fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) 5. juni 2018. Eg har eit spørsmål om revisjonen av trafikksikringsplanen dykkar. Slik eg forstår det er det framleis planen for perioden 2010-2014 som er siste vedtatte plan. Kva er stoda for arbeidet med å revidera denne planen? Eg ser de søkte om 400.000 kr i støtte til dette arbeidet i 2016, og vart innvilga 175.000 kr av FTU.

Beste helsing

Even Vaular

Rådgevar

Samferdselsavdelinga | transportplanseksjonen



Tlf: 55 23 90 75

www.hordaland.no

